

Nordpolen og Sørpolen

Litt om eksperimentet:

Vi menneske påverkar klimaet på jorda når vi forureinar. Du har sikkert høyrd at varmare klima fører til at havet stig. Vatn utvidar seg nemlig når det blir varmare. Men varmen gjer også at isen på Nordpolen, Sørpolen og Grønland kan smelte. Kva skjer då?

Nødvendig utstyr:

- To like store isboksar, eller andre plastboksar.
- To steinar, om lag like store, den eine må vere litt flat.
- To isklumpar, om lag like store. Den eine må vere litt flat. Du kan lage slike ved å fryse ned to plastbeger med vatn.



Førebu eksperimentet:

- 1) Frys ned to plastbeger med vatn. Eller klipp av toppen på to mjølkekartongar, og frys vatn oppi kartongane.
- 2) Finn to passande steinar og isboksar. Legg ein stein i kvar isboks.

Gjennomføring:

- 1) Når isklumpane er frosne, sett du den eine isklumpen oppå steinen i den eine isboksen. I den andre isboksen skal du legge isklumpen ved sida av steinen.
- 2) Fyll på med lunka vatn i begge isboksane, slik at vatnet går akkurat heilt opp til kanten. I den eine boksen vil isen flyte i vatnet. I den andre boksen vil isen kvile på steinen. Pass på at toppen av isen stikk opp av vatnet.
- 3) Vent og sjå. I mellomtida kan du fundere på dette: Kva trur du kjem til å hende? Vil det same hende i begge isboksane? Kvifor/kvifor ikkje?

Til å finne ut:

- 1) Tenk at den eine isboksen skal forestille Sørpolen og den andre Nordpolen. Kva for ein boks er Sørpolen? Korleis er isen på Sørpolen, flyt han på havet eller ligg han på land?
- 2) Kva for ein boks er Nordpolen? Kvifor det?
- 3) Korleis er det med isen på Grønland, liknar den mest på isen på Nordpolen eller på Sørpolen?
- 4) Vil havet stige dersom isen på Sørpolen smeltar?
- 5) Vil havet stige dersom isen på Nordpolen smeltar?

Dersom du vil vite meir:

- 1) Kvifor skjer dette?
- 2) Kor mykje vil havet stige dersom all isen smeltar på Nordpolen?
- 3) Kor mykje vil havet stige dersom all isen smeltar på Sørpolen?
- 4) Kor mykje vil havet stige dersom all isen smeltar på Grønland?
- 5) Trur forskarane at all denne isen vil smelte?

Du kan søke på internett for å finne svara. Sjå til dømes:

<http://www.cicero.uio.no/webnews/index.aspx?id=10999>